



Fløysand VA AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1016 - 14/3270

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:
07.03.2014

Godkjenning - utslepp frå fire fritidsbustader på Vikebø, gnr. 45, bnr. 60, 36/39, 74 og 10.

Administrativt vedtak. Saknr: 32/2014

Saksutgreiing:

Det vert søkt om utsleppsløyve for fire hytter på Vikebø, gnr. 45, bnr. 60, 36/39, 74 og 10. I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i Biovac reinseanlegg. Det er opplyst i søknaden at anlegget er dimensjonert for to bustader, og at det difor har kapasitet for 4-5 hytter. Reinsa utslepp skal førast til terreng.

Det ligg føre erklæring med løyve frå berørte grunneigarar om rett til å leggja leidning over privat grunn, samt erklæring frå gnr. 45, bnr. 10 om plassering av reinseanlegget og om rett til å føra avlaupsvatnet til terreng.

Det ligg føre solidarisk avtale mellom eigarane av minireinseanlegget når det gjeld drift og vedlikehald av dette.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Vurdering:

Eigedomane ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Det er ikkje mogeleg å føre avlaupet til sjø.

Minireinseanlegg skal ha dokumentasjon som tilfredstillar NS-EN 12566-3 eller tilsvarende reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggja føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i forureiningslova.

Utsleppet det er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Vedtak

« Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5, utsleppsløyve for fire fritidsbustader, gnr. 45, bnr. 60, gnr. 45, bnr. 36/39, gnr. 45, bnr. 10 og gnr. 45, bnr. 74, i samsvar med søknad motteke 01.11.2013 og supplerande dokumentasjon motteke 24.02.2014 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk/kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.
4. Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Kopi til:
Jon Knag

Lille Skjoldal 19 5221

NESTTUN

Mottakere:

Fløysand VA AS

Fløksand

5918

FREKHAUG